



Ingeniør Aarland AS
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1285 - 16/15398

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
02.12.2016

Byggesak Gbnr 62/6 Kolås - riving og oppføring av nytt uthus, restaurering av fritidsbustad - spørsmål om tilleggsopplysningar

Viser till din søknad motteke 05.07.2016 og følgjande dispensasjonsvedtak datert 26.10.2016:

PLT - vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for ombygging, fasadeendring og tilbygg til eksisterande fritidsbustad som omsøkt på følgjande vilkår:

- 1. Det må dokumenterast at eigedomen har lovleg avlaup i samsvar med plan- og bygningslova § 27-2.*
- 2. Totalt BRA og BYA for eigedomen kan maks vere 114 kvm (150 kvm - 36 kvm berekna parkeringsareal).*

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for etablering av avlaupsanlegg på følgjande vilkår:

- 1. Det må sendast inn søknad om utsleppsløyve for reinseanlegg som stettar krav i Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg. Søknaden må sendast inn av røyrleggjar. Det må vedleggjast situasjonsplan som viser plassering av anlegg og leidningsnett, samt utsleppsstad. Eventuell tinglyst rett til å føre leidningsnett over annen eigedom må følgje søknaden.*

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av bod på følgjande vilkår:

- 1. Boden kan ha eit areal på inntil 15 kvm BRA og mønehøgde på inn til 3 meter.*
- 2. Boden er eit uthus og kan ikkje nyttast til varig opphald.*
- 3. Totalt BRA og BYA for eigedomen kan maks vere 114 kvm (150 kvm - 36 kvm berekna parkeringsareal).*
- 4. Om det ikkje kan dokumenterast at grunnar etter tidlegare bod kan nyttast som fundament for ny bod skal boden førast opp nært opp til fritidsbustaden. Endeleg plassering vert å godkjenne i byggesaka.*

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Dispensasjonsvedtaket vart sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering 10.11.2016. Frist for klagevurdering er tre veker frå mottatt dato.
Radøy kommune har ikkje motteke noko klage innan fristen og har tatt søknaden opp til handsaming.

Det er i dispensasjonsvedtaket sett vilkår om godkjent utsleppsløyve og maksimumstorleik på bod 15 m², samt plassering av bod.
Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke søknad om utsleppsløyve og oppdatert teikningsgrunnlag, avklaring kring plassering av bod.

Det er opplyst i søknaden at eigedomen har tinglyst vegrett og at det ligg føre løyve til avkjørsle til kommunal veg via privat veg. Vegrett til eksisterande landbruksveg og bruksrett til parkeringsplass på gbnr 62/3 fremgår av skøyte av 05.01.73, men kommunal vegstyresmakt har ikkje dokumentasjon for avkøyrsla i sitt arkiv.
Kommunen har ikkje motteke dokumentasjon for dette.

Kommunen gjer merksam på at køyring med bil på landbruksveg (traktorslep) er eit brot på motorferdsellova § 3.

Kommuneplan for Radøy 2011-2023 punkt 2.7.2 set krav til personbilparkering for 2 bilar. Dersom parkering ikkje kan etablerast på eigen eigedom, må det liggje føre tinglyst rett til parkering på annan manns eigedom.

Byggjesaksmynde i Radøy kommune ber om at nemnte manglar ved søknaden vert avklara og sendt til Radøy kommune innan **31.12.2016**.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1

5105

EIDSVÅG I ÅSANE